

Halvvegs på Grønland**06.05.2010**

Grønland-ekspedisjonen, med uskedelingen. Sølv Eik som deltar, har kome halvvegs i tid.

Dei har gått i 11 dagar og har 11 dagar att - det er heilt som planlagt.

Dei mest strabasiøse etappane og tyngste børene skal no vera over. Dei nærmaste 2-3 dagane har dei slakt oppover mot toppen på 2.500 meter over havet.

Ekspedisjonen melder etter dag 11 at det framleis er 'forferdeleg mildt' og med det meiner dei at det er mellom 0 og pluss 2 grader. Dagens etappe vart 24,9 kilometer.

Det har falt blaut snø eller sludd heile dagen og dei har vorte svært blaute. Sist natt storma og fauk det så mykje at dei måtte grava seg ut om morgonen.

Men ein av deltakarane hadde med seg med ein 'heat-pack' som gir ein varme på 50 grader i 8 timer etter at den er opna. Den vil nok koma til nytte ein dag for det kan framleis bli minus 40.

Og når dei når toppen, vil dei få ein inspirasjonspremie av ein av arbeidsgjevarane.

Av Ola Matti Mathisen